

Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL

Godkjent av høgskulestyret 29.11.18

Revidert etter handsaming i Utdanningsutvalet ved HVL:

- [Sak 06/19](#) (mindre justeringar og presiseringar knytt til valfridom for emnerapport og/eller dialogmøte, periodiske evalueringar, ekstern representasjon i studieprogramråd, klassettillitsvalde)
- [Sak 30/19](#) (endra krav for lagring av referansegruppereferat)
- [Sak 6/20](#) (endra tekst om periodiske evalueringar av studieprogram)
- [Sak 14/20](#) (endra omtale av studentdemokratiet under sentrale funksjonar og val av studenttillitsvalde under punkt om årlege aktivitetar og prosessar for forbetring og utvikling av studieprogrammet)
- [Sak 19/20](#) (endringar i omtale av data og dokumentasjon under kvalitet i studieprogram)
- [Sak 20/20](#) (endringar i omtale av studentundersøkingar under kvalitet i studieprogram)
- [Sak 23/21](#) (endringar i omtale av 2 Roller og ansvar i tråd med ny UH- lov, ny ph.d. - forskrift for HVL og ny organisering i HVL og Studenttinget.
- [Sak 5/24](#) (oppdatert tekst etter HVL strategi 2023-2030 og endringar knytt til ph.d utdanningar)

Innhold

1	INNLEIING	4
1.1	KRAV TIL HØGSKULEN SITT SYSTEMATISKE ARBEID MED KVALITET	4
1.2	MÅL FOR HVL SITT ARBEID MED KVALITET.....	5
2	ROLLER OG ANSVAR.....	7
2.1	STYRE, RÅD OG UTVAL.....	7
2.2	SENTRALE FUNKSJONAR	9
2.3	ARBEID MED KVALITETSKULTUR.....	11
2.3.1	<i>HVL sin Utdanningskvalitetspris</i>	11
2.3.2	<i>Sei-i-frå</i>	11
2.4	TILGRENSA FUNKSJONAR.....	12
2.4.1	<i>Nemnd for studentsaker</i>	12
2.4.2	<i>Skikkavurderingsnemnd</i>	12
2.4.3	<i>Studentombod</i>	12
3	KVALITET I EMNE	13
3.1	UTVIKLE OG REVIDERE EMNEPLAN.....	13
3.2	FØREBU OG GJENNOMFØRE UNDERSKJEDENDE OG VURDERING.....	13
3.3	FORBETRE OG UTVIKLE MED UTGANGSPUNKT I ERFARINGAR, DIALOG OG RESULTAT.....	14
3.3.1	<i>Ph.d. utdanningar:</i>	15
3.4	TILBAKEMELDING OM RESULTAT OG TILTAK.....	15
4	KVALITET I STUDIEPROGRAM.....	16
4.1	UTGREIE, ETABLERE OG LEGGE NED STUDIEPROGRAM	16
4.2	GJENNOMFØRE PERIODISKE EVALUERINGAR.....	17
4.3	GJENNOMFØRE ÅRLEGE AKTIVITETAR OG PROSESSAR FOR FORBETRING OG UTVIKLING AV STUDIEPROGRAMMET	17
4.3.1	<i>Ph.d.-utdanningar:</i>	18
4.3.2	<i>Student- og kandidatundersøkingar på bachelor- og masternivå</i>	18
4.4	OPPFØLGING AV DATA OG DOKUMENTASJON	19
4.4.1	<i>Ph.d.-utdanningar</i>	19
4.5	TILBAKEMELDING OM RESULTAT OG TILTAK.....	20
5	KVALITET I STUDIEPORTEFØLJE	21
5.1	PERIODISK EVALUERING AV STUDIEPORTEFØLJEN.....	21
5.2	ÅRLEG VURDERING AV KVALITET I STUDIEPORTEFØLJEN	21
6	FAGMILJØ	23
7	LÆRINGSMILJØ	24
8	STUDIEPROGRAM MED SÆRSKILTE KRAV	25
8.1	PH.D.-PROGRAM.....	25
8.2	ETTER- OG VIDAREUTDANNINGAR.....	25
8.3	BACHELOR I NAUTIKK	25
8.4	FAGSKULEUTDANNING FOR YRKESDYKKARAR	25

1 Innleiing

Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Gjennom forsking, utdanning av høgt kompetente kandidatar og den tette koplinga vår til samfunns- og arbeidslivet bidreg vi til at kunnskap blir delt og teken i bruk. Vi speler ei aktiv rolle og tek eit ansvar for å påverke samfunnsutviklinga innan utdannings- og forskingsområda våre.

Verdiane våre er det vi står for, og dei kjenneteiknar identiteten og kulturen hos oss. HVL skal

Inkludere - Vi møter alle med respekt og omtanke. Ved å inkludere verdset vi mangfald og fremjar fagleg utvikling, tryggleik og trivsel.

Utfordre - Vi utfordrar etablerte tankesett og arbeidsmåtar. Ved å utfordre fremjar vi danning, kritisk tenking og handlekraft.

Samhandle - Vi utviklar og deler kunnskap og erfaring gjennom samspel internt og med omgjevnadene våre. Ved å samhandle fremjar vi kreativitet, læring, nyskaping og fagleg relevans.

1.1 Krav til høgskulen sitt systematiske arbeid med kvalitet

Det systematiske arbeidet med kvalitet omfattar utdanningar ved HVL på alle nivå.

[Lov om universitet og høgskular](#) pålegg institusjonane å ha eit system for kvalitetssikring som sikrar og vidareutviklar kvaliteten i utdanninga. Lova stiller også krav om at studentevalueringar skal inngå i systemet. I tillegg blir det gitt ei rekke føringar for det systematiske arbeidet med kvalitet i europeiske, nasjonale og lokale standardar, lovar, forskrifter og rammeverk:

- [European Standards and Guidelines](#)
- [Studiekvalitetsforskrifta \(fastsett av Kunnskapsdepartementet\)](#)
- [Studietilsynsforskrifta \(fastsett av NOKUT\)](#)
- [Forskrift om studium og eksamen ved HVL \(fastsett av høgskulestyret\)](#)
- [Forskrift om opptak til HVL \(fastsett av høgskulestyret\)](#)
- [Forskrift om graden ph.d. ved HVL \(fastsett av høgskulestyret\)](#)

Rammeverket utdjupar og konkretiserer krava i lovar og forskrifter til det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL og viser kva funksjon som har ansvar for at prosessar og aktivitetar blir utført. I tillegg til rammeverket, har HVL eigne nettsider for utdanningskvalitet med prosess-skildringar, mandat, årshjul, malar og andre verktøy for kvart av områda i rammeverket.

Dokumentasjon frå arbeidet med kvalitet kan ta form av saksutgreiingar, rapportar, referat, analysar og dataframstillingar.

1.2 Mål for HVL sitt arbeid med kvalitet

HVL sin strategi var ny i 2023 og er gjeldande fram til 2030¹. Det overordna målet for arbeid med kvalitet i utdanningane i HVL bygger på målet i strategien om at dei profesjons – og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidas kompetansebehov.

HVL sin strategi legg til grunn at utdanningstilbodet skal vere kjenneteikna av høg kvalitet, og med gjennomgåande utdanningsløp. Studietilbodet skal vere tilpassa alle typar studentar, samtidig som vi har eit stimulerande og tilgjengeleg læringsmiljø.

Studentar tek del i forsking, noko som hevar kvaliteten i utdanningane våre. Vi gjev studentar tilbod om praksis og prosjektsamarbeid med arbeidslivet i fleire studium. Forskinga vår blir teken i bruk i utdanningane våre og får gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet, også internasjonalt.

I tillegg til strategien har høgskulestyret vedteke fem overordna prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen som skal gjelde i same tidsperiode.²

Vi skal ha føreseielege rammer for kvalitetsarbeidet, der roller, ansvar og prosessar er tydeleg definert og forankra i alle nivå av organisasjonen. Vi skal sikre inkludering og medverknad gjennom gode årshjul, prosess-skildringar og informasjonsflyt.

NOKUT slår fast at «både utdanningsinstitusjonane, NOKUT og samfunnet har behov for å definere kva kvalitet i høyere utdanning kan vere». NOKUT har definert ulike kvalitetsområder som vert rekna som sentrale for kvalitet i utdanning, der studieprogramma er i sentrum av modellen. Arbeidet med å sikre og utvikle kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje i HVL tar utgangspunkt i dei same kvalitetsområda som i denne modellen³.

Høgskulen skal legge til rette for utvikling og forbetring av *kvalitet i emne og studieprogram* gjennom god organisering og leiing. Vi skal ha attraktive og relevante utdanningar der læringsutbytta skal vere utvikla i samarbeid med arbeidslivet. Undervising og vurdering skal vere kjenneteikna av gode lærarar som nyttar framtdsretta, forskingsbaserte og varierte arbeidsformer. HVL innhentar og brukar informasjon i årleg og periodisk vurdering av kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje, samt kvalitet i læringsmiljø og fagmiljø på tvers av studieprogramma.

Vi har eit system der studentar og tilsette kan sei ifrå om forhold som påverkar læringsmiljø, undervisning og utdanningskvalitet, anten namngitt eller anonymt. Prosess-skildringar og årshjul knytt til råd, utval og sentrale funksjonar i arbeidet med kvalitet skal sikre at sviktande kvalitet blir retta opp innan rimeleg tid. Resultata frå det systematiske arbeidet med kvalitet på alle område skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved årleg og periodisk vurdering og utvikling av god kvalitet i den samla studieporteføljen.


Dette skal sørge for at HVL tek i vare samfunnsoppdraget ved å tilby relevante utdanningar av høg internasjonal kvalitet i tråd med HVL sin strategi og eigenart. Desse samanhengane er illustrert i figur 1.

¹ <https://www.hvl.no/om/strategi-2023-2030/>

² Styresak 24/23-B

³ Overgangar i og til høgare utdanning, fagmiljø, programdesign og utdanningsleiing, læringsmiljø, samfunns- og arbeidslivsrelevans, læringsutbytte.

Figur 1 Ulike dimensjonar i det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL



2 Roller og ansvar

Tydeleg tenesteveg og klare rolleskildringar er avgjerande for at HVL skal lukkast med det systematiske arbeidet med kvalitet. Innleiingsvis i rammeverket vil vi derfor synleggjere kva for rolle og ansvar ulike styre, råd, utval, forum og funksjonar har i arbeidet med kvalitet.

2.1 Styre, råd og utval⁴

Høgskulestyret	<ul style="list-style-type: none">• Har det overordna ansvaret for arbeidet med kvalitet ved HVL og for strategisk utvikling av den totale studieporteføljen på alle nivå.• Har det overordna ansvaret for at læringsmiljøet på institusjonen er fullt forsvarleg ut frå ei samla vurdering av omsynet til studentane sin helse, sikkerheit og velferd.• Vedtar større endringar i og revisjon av system for arbeid med kvalitet i utdanningane• Vedtar lokale forskrifter, instruksar og mandat for styre, råd, utval og funksjonar med ansvar og oppgåver i systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane• Godkjenner årsrapport for HVL inkludert resultatoppfølging og planlegging knytt til kvalitet i utdanningane
Læringsmiljøutvalet	<ul style="list-style-type: none">• Skal bidra til at føresegnene om Læringsmiljø i UH-lova blir følgt, og sikre studentane sin medverknad i prosessar som påverkar læringsmiljøet
Utdanningsutvalet	<ul style="list-style-type: none">• Drøfte, belyse og gje råd til rektor i strategiske og politiske utdanningssaker.• Bidra til å sikre at utdanningar og studieprogram har høg kvalitet, samfunns- og arbeidslivsrelevans, byggjer HVL sin faglege profil og støttar opp strategisk utvikling knytt til internasjonalisering, forskingsbasert utdanning og livslang læring.• Gje råd om tiltak for studentrekruttering• Vurdere, følgje opp og gje råd om tiltak som tek i vare og vidareutviklar system og rammer for utdanningskvalitet• Akkreditere nye studieprogram med eit omfang på over 60 studiepoeng innanfor fagområde der høgskulen kan tildele doktorgrad, samt godkjenne nye studieplanar over 60 studiepoeng (delegert mynde frå styret)• Fatte vedtak etter eventuell delegasjon frå styret eller rektor i utdanningssaker
Sentralt ph.d.-utval	<ul style="list-style-type: none">• Skal vere strategisk, samordnande og rådgivande organ for styret og leiinga ved institusjonen når det gjeld ph.d. - utdanning ved HVL.• Skal utarbeide og forvalte felles retningslinjer og rutinar i samsvar med forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet

⁴ På denne nettsida er heile råd- og utvalsstrukturen ved HVL skildra: <https://www.HVL.no/om/utval/>

Fakultetsråd/Utdanningsutval på fakultet ⁵	Er rådgivande for dekan om det systematiske arbeidet med kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje, den utdanningsfaglege kompetansen og læringsmiljøet ved fakultetet.
Studieprogramråd	Er rådgivande til studieprogramansvarleg og fakultetsleiring om utvikling av kvaliteten i studieprogrammet/-a og læringsmiljøet ved studieprogrammet.
Ph.d.-programutval	<ul style="list-style-type: none">• Er rådgjevande for dekan i saker knytt til den aktuelle ph.d.-utdanninga• Initierer tiltak for å kvalitetssikre og -utvikle ph.d.-utdanninga på emne- og studieprogramnivå• Godkjenner endring i studieplan innanfor ramma av akkreditering

⁵ Fakultet for teknologi, miljø og samfunnsvitskap og Fakultet for helse og sosialvitskap, – fakultetsråd og utdanningsutval, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett – fakultetsråd

2.2 Sentrale funksjonar

Rektor	<ul style="list-style-type: none"> • Har eit overordna ansvar for arbeidet med kvalitet i utdanningane og studentane sitt læringsmiljø. • Rapporterer til styret om det systematiske arbeidet med kvalitet.
Prorektor for utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Har eit strategisk ansvar for utviklinga av høgskulen sine utdanningar • Skal ivareta og vidareutvikle system og rammer for utdanningskvalitet som støtter opp under fakulteta sitt arbeid med kvalitetsutvikling av utdanningane • Ansvar for strategisk utvikling i HVL av utdanningstilbod i eit livslangt læringsperspektiv • Skal vere ein pådrivar for utvikling og fornying av studietilbod, utdanningskvalitet og læringsmiljø i samarbeid med fakulteta og i samsvar med institusjonen sine strategiar og vedtak • Skal koordinere verksemda innanfor utdanningsområdet og sørge for effektiv administrasjon og drift av høgskulen sitt samla studietilbod. • Leiar utdanningsutvalet ved HVL og er medlem av eller leiar av læringsmiljøutvalet⁶
Prorektor for forsking	<ul style="list-style-type: none"> • Har ansvar for strategisk utvikling av fou- verksemda i HVL • Har ansvar for å styrke samanhengane mellom forsking og utdanning • Skal vere pådrivar for internasjonalisering i utdanning og forsking • Leiar det sentrale ph.d.-utvalet og forskings- og innovasjonsutvalet. • Har ansvar for arbeidet med kvalitet i studieprogram på ph.d.-nivå
Prorektor for regional utvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Har ansvar for å vidareutvikla eksternt samarbeid, styrke høgskulen sin posisjon i regionen, synleggjere HVL som en vesentleg kunnskaps- og kompetanseaktør og bidra til at høgskulen er ein attraktiv samarbeidspartner for privat næringsliv og offentlege verksemder. • Har ansvar for HVL sitt samla arbeid med vidareutvikling av fem berekraftige campus.
Dekanat	<ul style="list-style-type: none"> • Leiar arbeidet med å utvikle fakultetet sine utdanningstilbod på alle nivå • Har ansvar for at utdanningsprogram held høg kvalitet og at studentane sitt læringsmiljø er fullt ut tilfredsstillande. • Skal sikre at fakultetet sine utdanningar er tilpassa samfunnet og den einskilde sitt behov for livslang læring.

⁶ Læringsmiljøutvalet blir leia av prorektor for utdanning og studentrepresentant annakvart år

	<ul style="list-style-type: none"> • Har det overordna ansvaret for arbeidet med kvalitet i fakulteta og for strategisk utvikling av studieporteføljen ved fakultetet • Har det overordna ansvaret knytt til gjennomføring av ph.d.-utdanning i fakultetet. • Rapporterer til rektor om det systematiske arbeidet med kvalitet i fakultetet
Instituttleiing	<ul style="list-style-type: none"> • Har ansvar for arbeidet med kvalitet i instituttet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL • Har ansvar for fagleg kvalitet i utdanning og forsking innanfor instituttet sine fagområde • Leiar arbeidet med å tilpasse instituttet sine fagområde til samfunnets behov og utvikle utdanningstilbod på bachelor- og masternivå, og bidra i arbeidet med utdanningstilbod på ph.d.-nivå • Arbeide for godt arbeids- og læringsmiljø på instituttet
Fagansvarleg for ph.d.-program	<ul style="list-style-type: none"> • Er administrativ og fagleg leiar for ph.d.-program og rapporterer til dekanatet • Leiar arbeidet med kvalitet på ph.d. programmet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL, inkludert særskilte krav til ph.d.-program
Studieprogramansvarleg ⁷ for utdanningar på bachelor- og masternivå	<ul style="list-style-type: none"> • Har overordna ansvar for vidareutvikling av utdanningsprogrammet, sikring av høg fagleg kvalitet og god gjennomstrøyming • Ansvar for at utdanningsprogramma tilfredsstiller forskrifter og rammeplanar, og oppfølging av krava i HVL sitt system for arbeid med kvalitet i utdanningane • Overordna ansvar for praksisopplæringa i studia • Overordna ansvar for at studentane sitt læringsmiljø er fullt ut tilfredsstillande • Skal legge til rette for internasjonalisering, digitalisering og nyskaping i utdanningane • Har eit koordineringsansvar for studieprogram med fleire campus og samarbeid på tvers av campus • Rapporterer i samsvar med fakultetet sin organisering og delegasjonsmynde
Emneansvarleg	<ul style="list-style-type: none"> • Leiar arbeidet med kvalitet på emnet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL • Har eit koordineringsansvar for emne med fleire faglærarar og samarbeid på tvers av campus • Rapporterer i samsvar med fakultetet sin organisering

⁷ Studieprogramleiar på FLKI

Studentar og ph.d.-kandidatar	<ul style="list-style-type: none"> • Studentar og ph.d.-kandidatar medverkar i kvalitetsutviklinga i studie- og læringsmiljøet, både som enkeltpersonar, som tillitsvalde, eller som medlem i råd, utval eller linjeforeiningar
Studentdemokratiet (gjeld ikkje for ph.d.-kandidatar)	<ul style="list-style-type: none"> • Studenttinget på Vestlandet er det øvste studentpolitiske organet ved HVL, og vedtek overordna politikk på vegne av alle studentane ved HVL. Studentdemokratiet er organisert med tillitsvalte på klasse, institutt, fakultets og campusnivå • Studentane er representerte i alle råd og utval som arbeider med læringsmiljø og kvalitet i utdanningane, i tråd med UH-lova • Studenttinget og studentråda har ansvar for at det blir gjennomført opplæring av alle studenttillitsvalde.
Tilsette	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsette medverkar til utviklinga av kvalitet ved høgskulen i kraft av sin funksjon, eller som medlem av råd, utval eller fagorganisasjon
Administrative tenester	<ul style="list-style-type: none"> • Administrative leiarar for einingar i fellesadministrasjonen har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av tenester i sine einingar • Administrative leiarar i fakulteta har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av tenester i sine einingar. • Det skal vera studieadministrativ støtte knytt til alle studieprogramråd
Samfunn- og arbeidsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Samfunn- og arbeidsliv medverkar til utviklinga av kvalitet i utdanningane ved å delta i høgskulestyret og råd og forum på fakultets og studieprogramnivå

2.3 Arbeid med kvalitetskultur

HVL arrangerer jamleg ein konferanse der aktuelle tema knytt til utdanningskvalitet og læringsmiljø vert satt på dagsordenen.

Prorektor for utdanning og fakulteta legg i tillegg til rette for dialog om relevante problemstillingar knytt til kvalitet. Dette kan skje i form av seminar, diskusjonsforum og andre møtepunkt. Møtepunkta bør hovudsakleg vere nettbasert og opne for alle interesserte, studenttillitsvalde skal alltid vera inviterte.

2.3.1 HVL sin Utdanningskvalitetspris

Prisen skal anerkjenne medarbeidarar og fagmiljø som utmerker seg med framifrå undervisning, og bidra til å fremme kvalitet i undervisnings- og evalueringsformer. Den skal vere ein inspirasjon til vidare fagleg og pedagogisk innsats, engasjement og bruk av nyskapande undervisningsmetodar og læringsarenaer.

2.3.2 Sei-i-frå

HVL har system der studentar og tilsette kan sei ifrå om forhold som påverkar læringsmiljø, undervisning og utdanningskvalitet, anten namngitt eller anonymt. Meldingane blir sende til relevant leiar, og alle som gir opp namn, får tilbakemelding. Sei- i – frå systemet er eit supplement til andre etablerte kanalar i det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane.

2.4 Tilgrensa funksjonar

2.4.1 Nemnd for studentsaker

HVL har nemnd for studentsaker som handsamar klager om enkeltvedtak og, etter vedtak i styret, andre klagesaker for kandidatane, jf. UH-lova, § 5-1 (1).

2.4.2 Skikkavurderingsnemnd

Skikkavurderingsnemnda er eit lovpålagt organ, jf. UH-lova, § 4-10. Nemnda sitt arbeid er regulert av «Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning».

2.4.3 Studentombod

Studentombodet ved HVL er ein uavhengig bistandsperson som har som oppgåve å gje studentane råd og hjelp der studentane har tatt opp eller vurderer å ta opp tilhøve knytt til sin studiesituasjon. Studentombodet skal sjå til at sakene får ein forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne.

3 Kvalitet i emne

Systemet for arbeidet med kvalitet skal stimulere til og sikre jamleg vurdering og utvikling av kvalitet i emne på alle nivå. Krava gjeld også praksisemne. Systemet skal fremje erfaringssdeling og god praksis, og inneholder krav til revisjon av emneplan og førebuing og gjennomføring av undervising og vurdering. Målsettinga er forbetring og utvikling av kvalitet i emna og sikring av godt læringsmiljø med utgangspunkt i erfaringar, dialog og resultat samt dokumentasjon av arbeidet og tilbakemelding om tiltak som vert sett i verk.

Aktivitet/prosess	Ansvarleg
Utvikle og revidere emneplan	
Utvikle og revidere emneplan i tråd med prosess-skildring	Studieprogramansvarleg/fagansvarleg ph.d.
Godkjenne nye eller reviderte emne	Dekan / programutval ph.d.
Førebu og gjennomføre undervisning og vurdering	
Gjennomføre undervisning og vurdering i tråd med emneplan	Emneansvarleg
Kontrollere og drifte rom i læringsplattforma	Emneansvarleg
Sørge for at det blir utarbeidd sensorrettleiing	Emneansvarleg
Ved praksisemne: Gjennomføre vurdering og oppfølging av praksis	Emneansvarleg
Setja opp og følje opp rulleringsplan for ekstern sensur	Studieprogramansvarleg/fagansvarleg ph.d.
Skrive sensorrapport	Ekstern sensor
Forbetre og utvikle med utgangspunkt i erfaringar, dialog og resultat	
Sjå punkt 3.3.1. for det som gjeld ph.d.-program	
Gjennomføre referansegruppemøte eller møte med heile klassa	Emneansvarleg
Setja opp og følje opp rulleringsplan for anonyme undersøkingar	Studieprogramansvarleg
Gjennomføre anonyme undersøkingar i tråd med rulleringsplan	Emneansvarleg
Velje form for avsluttande evaluering (dialogmøte og/eller emnerapport)	Studieprogramansvarleg
Gjennomføre (evt.) avsluttande dialogmøte	Studieprogramansvarleg
Skrive (evt.) emnerapport	Emneansvarleg
Tilbakemelding om resultat og tiltak	
Formidle resultat og gjere dokumentasjon tilgjengeleg for studentar, ph.d kandidatar og tilsette	Emneansvarleg

3.1 Utvikle og revidere emneplan

Alle emne- og studieplanar skal vere i tråd med vedtekne malar ved Høgskulen på Vestlandet, og godkjennast av dekan. Programutvalet godkjenner endringar i ph.d.-program innanfor ramma av akkreditering.

Når eit emne skal oppretta eller reviderast, skal studentar/ph.d.-kandidatar, tilsette og representantar frå praksisfelt/arbeidsliv involverast. Medverknad er studieprogramansvarleg sitt ansvar, og skjer som oftast gjennom Studieprogramrådet eller programutvalet.

3.2 Førebu og gjennomføre undervisning og vurdering

- Emneansvarleg har ansvar for
 - At undervisning og vurdering blir gjennomført i tråd med emneplan.
 - Å kontrollere og drifte rom i læringsplattforma. Det skal her gå fram kven som er emneansvarleg.
 - Å utarbeide sensorrettleiing og gjere denne tilgjengeleg⁸.

⁸ Jf. UH-lova § 3-9 (2)

- Ved praksisemne: Gjennomføre vurdering og oppfølging av praksis
- Studieprogramansvarleg på bachelor og masterprogram skal setja opp ein rulleringsplan som sikrar at emna i studieprogrammet har ekstern sensur minimum kvart tredje år⁹.
- Når ein har ekstern sensur i tråd med rulleringsplan, skal ekstern sensor skrive sensorrapport etter fastsett mal¹⁰

3.3 Forbetre og utvikle med utgangspunkt i erfaringar, dialog og resultat

- Seinast midtvegs i gjennomføringa av emnet skal emneansvarleg anten gjennomføre referansegruppemøte med minimum to valde studentar som representerer klassa eller organisere møte med heile klassa (med eller utan emneansvarleg til stades). Det skal først referat frå møta. Det er utarbeida malar for møta som syner kva tema som skal diskuterast, desse finn ein i kvalitetshandboka.
- Studieprogramansvarleg skal sette opp rulleringsplan for anonyme undersøkingar på emnenivå, som sikrar at desse blir gjennomført minimum kvart tredje gang emnet vert gjennomført. Emneansvarleg sørger for at planlagde emneevalueringar blir gjennomførte innan ei veke etter siste undervisningsøkt. Det er utarbeida felles malar for dei anonyme emneevalueringane.
- Studieprogram- og emneansvarleg kan vidare velje å supplere med andre dialog- og tilbakemeldingsformer med studentar, faglærarar og/eller arbeidsliv/praksisfelt.

For kvart einskild emne har emneansvarleg og studieprogramansvarleg tilgang til data om aktivitet og resultat. Kombinert med dialog med studentar, praksisfelt, faglærarar og eventuelle eksterne sensorar i løpet av emnegjennomføringa, dannar dette grunnlag for den avsluttande evalueringa av emnet.

Avhengig av studieprogrammet og emnet si eigenart skal studieprogramansvarleg velje om det skal gjennomførast eit avsluttande dialogmøte på studieprogramnivå, eller om emneansvarleg skal skrive ein sluttrapport for emnet. Dersom det er ønskeleg, kan ein velje å gjere begge deler ¹¹:

- Dersom ein vel å gjennomføre dialogmøte kallar studieprogramansvarleg inn til avsluttande dialogmøte på studieprogramnivå (eventuelt på andre nivå dersom det er formålstenleg) der emneansvarlege (og eventuelle andre faglærarar) diskuterer gjennomføring og resultat knytt til emnet, om ein bør gjera endringar i emne- eller studieplan eller sette i verk andre tiltak. Det skal først referat frå møtet.
- Dersom ein vel å ha sluttrapportar for emnet skriv emneansvarleg denne i tråd med mal. Rapporten blir sendt til studieprogramansvarleg

⁹ Jf. HVL si forskrift for studium og eksamen § 13-3 (2). Dersom eit emne høyrer til fleire studieprogram, avklarar dei studieprogramansvarlege i fellesskap når emnet skal ha ekstern sensor.

¹⁰ Jf. UH-lova § 3.9 (1)

¹¹ Form for avsluttande evaluering av emna ved eit studieprogram skal gå fram av sak om val av oppfølgingsform i studieprogramrådet.

3.3.1 Ph.d. utdanninger:

Fagansvarleg og programutvalet skal sørge for utvikling og revisjon av emne på ph.d.-nivå, og sørge for involvering med tilbakemeldingar og forslag til forbetringar frå både ph.d.-kandidatane og dei emneansvarlege. Fagansvarleg har ansvar for å sikre at dette vert gjennomført med jamne mellomrom ut i frå programmet si organisering og kor ofte emna vert tilbydt.

Dette kan gjerast gjennom dialogbaserte emneevalueringar der emneansvarleg har møte med alle kandidatane eller utvalde representantar på kvart emne. Innspela skal dokumenterast ved å skrive oppsummering frå desse møta. På emne der det er hensiktsmessig kan det også gjennomførast anonyme emneevalueringar gjennom HVL sitt system for dette. Emneansvarleg formidlar oppsummering og resultat frå evalueringar til fagansvarleg, som tar dette vidare til programutvalet.

3.4 Tilbakemelding om resultat og tiltak

Emneansvarleg har ansvar for at all dokumentasjon, rapportar og referat knytt til emnet inneverande studieår skal arkiverast og gjerast tilgjengeleg for studentane, ph.d. - kandidatar og andre tilsette på læringsplattforma eller andre formidlingskanalar¹².

¹² For tida Canvas og Sharepoint

4 Kvalitet i studieprogram

Systemet for arbeidet med kvalitet skal stimulere til og sikre jamleg og periodisk vurdering og utvikling av kvalitet i studieprogramma. Det skal fremje erfaringsdeling og god praksis, og sikre dokumentasjon og tilbakemelding om resultat og tiltak.

Aktivitet/prosess	Ansvarleg
Utgreiing, akkreditere, etablere, og legge ned studieprogram	
Gjennomføre prosessar for å greie ut, akkreditere, etablere eller legge ned studieprogram i samsvar med forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet og prosess-skildringar i kvalitetshandboka	Dekan
Gjennomføre periodiske evalueringar	
Fastsetje rulleringsplan for periodiske evalueringar	Utdanningsutvalet
Gjennomføre periodisk evaluering i tråd med prosess-skildring	Dekan
Følgje opp resultat med tiltak på studieprogram, institutt, fakultet og institusjon	Avhengig av nivå på tiltak
Gjennomføre årlege aktivitetar og prosessar for forbetring og utvikling av studieprogrammet	
Sjå punkt 4.3.1. for det som gjeld ph.d.-program.	
Revidere studieplan i tråd med prosess-skildring	Studieprogramansvarleg
Godkjenne studieplanar for eksisterande studieprogram	Dekan
Oppnemne studieprogramråd/programutval	Dekan
Velje klassetillitsvalde (til og med masternivå)	Studieprogramansvarleg
Leggje fram sak om oppfølgingsform studieprogram og emne for studieprogramrådet	Studieprogramansvarleg
Gjennomføre student- og kandidatundersøkingar på studieprogramnivå	Avhengig av type undersøking
Følgje opp data og dokumentasjon	Studieprogramansvarleg
Tilbakemelding om resultat og tiltak	
Arkivere og gjere dokumentasjon tilgjengeleg for studentar og ph.d.-kandidatar.	Studieprogramansvarleg/fagansvarleg ph.d.

4.1 Utgreiie, etablere og legge ned studieprogram

I samband med utgreiing og etablering av studieprogram på bachelor og masternivå skal dekan sikre medverknad og at prosess og innhald er i tråd med forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet og gjeldande prosessar og malar.

Dersom høgskulen i samband med gjennomgang av studieportefølje eller mistanke om sviktande kvalitet vurderer å leggje ned eit studieprogram eller avvikle studieprogrammet på ein av studiestadane, skal dekan sikre medverknad både frå fagmiljø og samfunn- og arbeidsliv. Høgskulestyret vedtek nedlegging av studieprogram i tråd med Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet.

4.2 Gjennomføre periodiske evalueringar

Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning stiller i § 2-1 krav om periodiske evalueringar av studietilbod, der relevante representantar frå arbeids- eller samfunnsliv, studentar og eksterne sakkunnige skal bidra, og der resultata skal vere offentlege.

Evalueringa skjer som hovudregel fem år etter akkreditering av studieprogrammet, maksimum sju år etter akkreditering for bachelor og integrerte masterutdanningar. Det kan også bli gjennomført evalueringar på tvers av studieprogram knytt til utvalde tema. Periodisk programevaluering av bachelorprogram omfattar også tilhøyrande årsstudium.

Utdanningsutvalet ved HVL handsamar kvart år ein rulleringsplan for periodiske evalueringar etter innspel frå fakulteta. Ved behov kan høgskulestyret, utdanningsutval, sentralt ph.d.-utval eller dekanat be om periodiske evalueringar utover det som er fastsett i rulleringsplanen.

Evalueringa skal bli gjennomført i tråd med gjeldande prosess-skildring og malar som vert fastsett av Utdanningsutvalet. Utdanningsutvalet på institusjonsnivå får ei årleg sak med oppsummering av funn og erfaringar frå dei periodiske evalueringane. Sentralt ph.d.-utval skal få tilsvarende sak for ph.d.-utdanningar som har hatt evaluering.

4.3 Gjennomføre årlege aktivitetar og prosessar for forbetring og utvikling av studieprogrammet

Alle studieprogram på bachelor- og masternivå skal knytast til eit studieprogramråd.

I studieprogramrådet skal studentar, faglærarar, studieadministrative og eksterne være representerte. Eksterne kan vera representant(ar) for samfunns- og arbeidsliv og/eller andre universitet og høgskuler¹³.

Studieprogramrådet blir normalt leia av studieprogramansvarleg. Der fakultetet meiner det er formålstenleg, kan fleire studieprogram høyre til det same studieprogramrådet. Dekan nemner opp leiar for studieprogramrådet. Referat frå studieprogramrådet skal sendast til fakultetsleiringa.

Alle emne- og studieplanar skal vere i tråd med vedtekne malar godkjennast av dekan.

Når studieplan skal reviderast, skal studentar, tilsette og representantar frå praksisfelt/arbeidsliv høyrast og involverast. Medverknad er studieprogramansvarleg sitt ansvar, og skjer via Studieprogramrådet.

Studieprogramansvarleg har ansvar for at studentane vel klassespilltsvalde og vararepresentantar for desse på alle kull/klasser. Har eit studieprogram fleire studiestader, skal det veljast éin klassespilltsvald per kull/klasse på alle studiestadene.

¹³ Dersom studieprogrammet inngår i forum med eksterne med dialog om studie- og emneplan og utvikling av studieprogrammet, kan dette erstatte eksterne medlemmar i studieprogramrådet. Den eksterne involveringa i dette arbeidet må dokumenterast.

Studieprogramansvarleg kan ved behov kalle inn studenttilslitsvalde, emneansvarlege og eventuelle andre faglærarar til dialogmøte. Slike møte kan utfylle diskusjonane i studieprogramrådet eller løfte aktuelle problemstillingar knytt til arbeidet med kvalitet på studieprogrammet.

For campusovergripande studieprogram skal dekanen sikre at det er eit kontaktpunkt for studentar og tilsette på alle campus.

I starten av studieprogrammet kan ein også gjennomføre samling for studentane med forventningsavklaring, opplæring i systemet for kvalitet og aktivitetar for at studentane blir kjent seg i mellom og med faglærarar og studieprogramleiing.

Studieprogramansvarleg skal kvart studieår legge fram ei sak for studieprogramrådet der ein drøftar korleis ein følgjer opp studieprogrammet og emna. Saka skal innehalde følgjande vurderingar:

- Val av oppfølgingsform på studieprogram- og emnenivå
- Rulleringsplan for anonyme undersøkingar
- Rulleringsplan for ekstern sensur
- For studium med praksis: Krav til førebuing, avtalar, vurdering og oppfølging av praksis.
- Vurdering av om det er behov for særskilt oppfølging på enkeltområde med bakgrunn i resultat og tilbakemeldingar frå studentar, fagtilsette og arbeidsliv/praksisfelt.

4.3.1 Ph.d.-utdanningar:

Kvar ph.d. utdanning skal ha eit programutval, som drøfter og gir dekan anbefalingar der dekan søker råd frå utvalet.. Programutvalet initierer tiltak for å kvalitetssikre- og utvikle ph.d.-utdanninga på emne- og studieprogramnivå, og godkjenner endringar i studieplan innanfor ramma av akkreditering. Ph.d.-kandidatar skal vere representert i programutvalet.


I tillegg til evalueringar av enkeltemne, er systematisk oppfølging av kvar individuelle ph.d. -kandidat sentrale element i kvalitetsarbeidet. Dette vert følgjt opp gjennom framdriftsrapportering og midtvegsevaluering. Det vert utarbeida saker til programutval og sentralt ph.d. utval som viser status og løfter opp utfordringar på overordna nivå. Detaljar rundt dette er omtalt i HVL sitt system for kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane.

4.3.2 Student- og kandidatundersøkingar på bachelor- og masternivå

Tilbakemeldingar via studentundersøkingar er viktige for å få informasjon om studentane sitt læringsmiljø, og korleis dei opplevde utbyttet av læringa. Høg svarprosent er naudsynt for å kunne nyte kunnskapen som kjem fram. I HVL får vi jamleg data frå studentundersøkingar på bachelor- og masterutdanningar.

Studiebarometeret (til studentar i 2. og 5. studieår på bachelor og master) og SHOT-undersøkinga (kvart fjerde år) er nasjonale undersøkingar. I tillegg gjennomfører HVL undersøkingar retta mot nye studentar, undersøking eller fokusintervju med studentar på siste semester på alle bachelorstudium, samt kandidatundersøking annakvart år i samarbeid studentsamskipnaden, UiB og NHH.

I tråd med rulleringsplan blir det også gjennomført anonyme emneevalueringar. Det kan vidare vere aktuelt å gjennomføre ekstra undersøkingar i samband med til dømes praksis, utvekslingsopphald eller periodiske evalueringar.



4.4 Oppfølging av data og dokumentasjon

Studieprogramansvarleg, instituttleiing og fakultetsleiing har gjennom studieåret tilgang på ei rekke data knytt til ulike delar av læringsbanen til studentane ved studieprogram på bachelor og masternivå:

- Dokumentasjon frå system frå arbeid med kvalitet på emne- og studieprogramnivå, irekna resultat frå student- og kandidatundersøkingar, emnerapportar/referat frå dialogmøte med emneansvarlege og periodiske evalueringar
- Datagrunnlag, vurderingar og handsaming knytt til
 - Rekruttering, opptak og studiestart
 - Opplevd kvalitet
 - Resultat og gjennomstrøyming
 - Internasjonalisering
 - Fagmiljø
 - Praksis
 - Læringsmiljø
 - Relevans

Studieprogramansvarleg har ansvar for å følgje opp dokumentasjonen frå det systematiske arbeidet med kvalitet og data på studieprogramnivå gjennom å

- legge fram sakar for studieprogramrådet og andre relevante forum med drøfting av behov for tiltak og effekten av desse,
- gjennomføre relevante tiltak på studieprogramnivå,
- gjennomføre sjølvevaluering og delta i evalueringsmøte i samband med periodiske evalueringar,
- delta i møter med institutt- og fakultetsleiinga med vurdering av kvaliteten i studieprogrammet,
- komme med forslag til endringar i emneplanar og studieplan og vurdere om desse er å rekne som vesentlege endringar i høve akkrediteringsgrunnlaget.

4.4.1 Ph.d.-utdanningar

Fagansvarleg og fakultetsleiing har tilgang til ulike data frå ph.d.- program på individ- og emnenivå. Desse vert følgt opp gjennom rapportering til relevante utval. Dette er nærmare skildra i HVL sitt system for kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane.

4.5 Tilbakemelding om resultat og tiltak

Studieprogramansvarleg og fagansvarleg ph.d. har ansvar for at relevant dokumentasjon frå kvalitetsarbeidet blir lagra og formidla på ein hensiktsmessig måte. I tillegg kan ein velje å gjennomføre møte/samlingar for å formidle og diskutere tilbakemeldingar, tiltak og resultat med studentane eller ph.d.-kandidatane.

5 Kvalitet i studieportefølje

Det overordna målet med arbeid med kvalitet i studieporteføljen er å sikre at høgskulen tar i vare samfunnsmandatet ved å tilby ein heilskapleg portefølje med relevante utdanningar av høg kvalitet i tråd med HVL sine strategiske målsettingar.

Resultat frå det systematiske arbeidet med kvalitet i institusjonen er ein del av kunnskapsgrunnlaget ved årleg og periodisk vurdering og strategisk utvikling av den samla studieporteføljen.

Arbeidet med kvalitet på studieporteføljenivå skal synleggjera kvaliteten i den totale studieporteføljen, det enkelte studieprogram og eventuelle systematiske utfordringar på tvers av studieprogram. Arbeidet skal gi grunnlag for utvikling av kvaliteten og avdekke eventuelt sviktande kvalitet.

Aktivitet/prosess	Ansvarleg
Periodisk evaluering av studieporteføljen	
Fastsette modell for periodisk evaluering av studieporteføljen	Høgskulestyret
Gjennomføre periodisk evaluering av studieporteføljen i tråd med vedtekne modellar og tilhøyrande verktøy	Prorektor for utdanning
Årleg vurdering av kvalitet i studieporteføljen	
Vurdere kvalitet i studieporteføljen og det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved fakultetet	Dekan
Gi innspel studieporteføljen påfølgande år	Dekan
Handsame årsrapport for HVL, rapportar og handlingsplanar knytt til læringsmiljø og det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane	Høgskulestyret
Fastsetje studieporteføljen og planlagt opptak påfølgande år	Høgskulestyret
Følgje opp oppdragsbrev for fakultetet og fastsette årsplan	Dekan

5.1 Periodisk evaluering av studieporteføljen

Ein gong kvar styreperiode skal høgskulen utføre ein strategisk gjennomgang av den samla studieporteføljen ut frå behov i regionen, nasjonale føringar og internasjonale trendar. Gjennomgangen skal vurdere i kva grad studieprogramma bidrar til å løyse samfunnsutfordringane og oppfyller HVL sine strategiske målsettingar, gi eit oversyn over kvaliteten i studieprogramma og den økonomisk berekrafta.

Høgskulestyret skal vedta modellen som ligg til grunn for vurderinga. Prorektor for utdanning har ansvar for å gjennomføre den periodiske evalueringa av studieporteføljen i tråd med vedtekne føringar, inkludert å sikre medverknad frå fagmiljøa og samfunns- og arbeidsliv.

5.2 Årleg vurdering av kvalitet i studieporteføljen

Fakultetsleiinga har gjennom studieåret tilgang på ei rekke dokumentasjon og data:

- Dokumentasjon frå system for arbeid med kvalitet på studieprogramnivå, irekna
 - o resultat frå student- og kandidatundersøkingar
 - o periodiske evalueringar
 - o referat frå studieprogramråd
- Data frå mellom anna Felles studentsystem (FS) og Samordna opptak (SO) (via Star/tableau)
- Indikatorar knytt til årsrapport og -plan på institusjons- og fakultetsnivå

På grunnlag av dokumentasjon frå systemet for arbeid med kvalitet, inklusive referat frå studieprogramråd, skal fakultetsleiinga årleg gjera ei vurdering av kvaliteten i studieporteføljen og det systematiske arbeidet med kvalitet i fakultetet med

- Behov for tiltak på enkeltvise studieprogram, på institutt- eller fakultetsnivå (innarbeidast i planar for relevant nivå i HVL)
- Forslag til endringar i studieporteføljen for neste år (innarbeidast i den årlege saka om studieporteføljen)

Rektor og prorektor for utdanning legg til rette for møte med dekan med utgangspunkt i fakultetet sine vurderingar.

I HVL sin strategi og utviklingsavtale med KD inngår strategiske ambisjonar og mål saman med vurderingane frå fakulteta og nasjonale føringar i tildelingsbrev gir grunnlag for vurdering av den årlege vurderinga av kvalitet i studieporteføljen og det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL.

Utdanningsutvalet handsamar rapportar og planar som er relevante for utdanningane.

Høgskulestyret handsamar studieportefølje og planlagt opptak ultimo november og årsrapport og plan for HVL medio mars kvart år. Prorektor for utdanning har ansvar for å følge opp tiltaka i planen som er knytt til det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane.

Medio mars fastsett dekan årsplan for fakultetet basert på rektor sine oppdragsbrev, samt eventuelle behov for tiltak som er identifisert i den årlege vurderinga av kvalitet i studieporteføljen og det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane. I planen går det fram kven som har ansvar for å følgje opp tiltaka knytt til det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane.

6 Fagmiljø

Høgskulen skal bygge kompetanse og kapasitet for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Dette skal skje ved strategisk kompetanseutvikling og målretta rekruttering der vi vidareutviklar allereie sterke fagmiljø innan utdanning, forsking og administrasjon.

I samband med oppretting av studieprogram, periodiske evalueringar og årleg oppfølging av studieprogram vurderer høgskulen fagmiljøet knytt til kvart einskild studieprogram.

Fakultetets samla vurdering av fagmiljø med merknadar knytt til studieprogram med låg del førstekompetanse / professor/dosentkompetanse inngår i

- fakultetets vurdering av studieporteføljen
- arbeidet med neste studieårs arbeidsplanar og
- tiltak knytt til rekruttering og kompetanseheving

Utdanningsfagleg kompetanse er også del av fakultetsleiinga si vurdering av kvalitet, og eit av momenta som ligg til grunn for vurdering av studieporteføljen ved institusjonen.

Strategisk kompetanseheving inkluderer system for kompetanseheving av fagtilsette, utdanningsleiarar og administrativt personale. Det omfattar pedagogisk-, didaktisk-, digital- og praksiskompetanse.

7 Læringsmiljø

HVL sin strategi slår fast at vi skal ha eit stimulerande og tilgjengeleg læringsmiljø som er mangfaldig, internasjonalt og inkluderande¹⁴.

Læringsmiljø vert definert på følgjande måte i Lov om universitets- og høyskoler § 4-3 (2):

«Læringsmiljøet er de forholdene som virker inn på studentenes muligheter til å tilegne seg kunnskap, og som er av betydning for studentenes fysiske og psykososiale helse. I et helhetlig læringsmiljø inngår fysiske, digitale, organisatoriske, pedagogiske og psykososiale forhold som del av det helhetlige læringsmiljøet. Departementet kan i forskrift gi utfyllende bestemmelser om krav til læringsmiljøet».

I læringsmiljøet ved HVL inngår alle faktorar som har påverknad på studentane sin moglegheit til å tilegne seg ny kunnskap. I tillegg til å sørge for god studentvelferd, skal eit godt læringsmiljø også sørge for at studentane får god læring, rettleiing, involvering og eigarskap til eiga læring, og kontinuerleg forbetring av fysiske, psykososiale, pedagogiske, digitale og organisatoriske tilhøve.

Læringsmiljøet ved HVL som utdanningsinstitusjon er avgjerande for at studentane skal oppnå ønska og forventa læringsutbytte, i tillegg til god helse og trivsel. Det er ei målsetting at læringsmiljøet skal famne mangfaldet i studentmassen, uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn, religion eller funksjonsevne. Alle studentar har lik rett, men ulike føresetnadar og behov for å kunne delta i læringsprosessen. Fokus på å inkludere så mange som mogleg i dei ordinære løysingane gjennom universell utforming og dermed redusere behovet for spesialløysingar, er ei viktig oppgåve for læringsmiljøarbeidet ved HVL.

Administrative leiarar i fakulteta og einingane i fellesadministrasjonen har ansvar for utarbeiding av prosess-skildringar og oppfølging og forbetring av prosessane som bidrar til at HVL har god kvalitet i dei administrative støttefunksjonane som har påverknad på læringsmiljøet, ved å sikre nødvendig kompetanse, effektive prosessar og gode informasjonssystem.

¹⁴ <https://www.HVL.no/om/strategi-2023-2030/>

8 Studieprogram med særskilte krav

8.1 Ph.d.-program

HVL har eit eige system for kvalitet i ph.d. -utdanningar for å møte dei særskilte krava til oppfølging av ph.d.-program og den einskilde kandidat.

8.2 Etter- og vidareutdanningar

Alle studiepoenggivande vidareutdanningar ved HVL skal oppfylle krava gitt i rammeverket knytt til kvalitet i emne og studieprogram. Fordi ein i samband med oppretting av etter- og vidareutdanningar må kunne svare raskt på samfunnet sitt behov og desse utdanningane ofte er av kortare varigheit, inneheldt kvalitetshandboka prosess-skildringar, malar og verktøy tilpassa desse utdanningane.

8.3 Bachelor i nautikk

Bachelor i nautikk skal oppfylle krava gitt i rammeverket knytt til kvalitet i emne og studieprogram. I tillegg har HVL ein eigen godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet, som blir fornva kvart 5. år. Denne godkjenninga inneber at utdanninga er forplikta til å følge *STCW 78 med tillegg* og *FOR 2011-12-22 nr. 1523 Forskrift om kvalifikasjoner og sertifikater for sjøfolk* i gjennomføring av utdanning og godkjenning av personell. I tillegg har enkelte emne eigen godkjenning.

Kvalitetshandboka inneheldt derfor prosess-skildringar og malar som sikrar at bachelor i nautikk oppfyller krava.

8.4 Fagskuleutdanning for yrkesdykkarar

Fagskuleutdanninga for yrkesdykkarar er på fagskulenivå, men skal likevel oppfylle HVL sine krav til emne og studieprogram. Fordi kandidatane mottek dykkebevis og –sertifikat, inneheldt kvalitetshandboka prosess-skildringar og malar som sikrar at fagskuleutdanninga for yrkesdykkarar oppfyller krava.